



TILLEGGSINNKALLING

Utval: Kommunestyret
Møtedato: 15.09.2022
Møtetid: Kl. 15:00
Møtestad: Kommunestyresalen - kommunehuset

Varamedlem skal ikkje møta utan nærare innkalling

Forfall til møtet må meldast snarast råd til servicesenteret (tlf. 56 58 74 00 eller e-post postmottak@samnanger.kommune.no), som vil kalla inn varamedlem.

Me ber om at alle som kan vera ugilde i ei eller fleire saker på sakslista melder frå om dette til servicesenteret.

Knut Harald Frøland
ordfører

SAKLISTE

Saker til handsaming på møtet

Sak nr.	Arkivsak	Sakstittel	Merknad
057/2022	19/288	Bjørkheim som framtidig regionsenter	

Oversikt faste saker

- Godkjenning av innkalling og sakliste
- Eventuelle merknader til protokoll frå førre møte
- Orienterings-/referatsaker
- Utvalet sitt kvarter



SAKSFRAMLEGG

Sakshandsamar: Knut Harald Frøland	Arkivkode: FA-L05
Arkivsaksnr: 19/288	Løpenr: 22/7055
Sakstype: Politisk sak	

SAKSGANG

Styre, utval, komité m.m.	Møtedato	Saksnr
Kommunestyret	15.09.2022	057/2022

Bjørkheim som framtidig regionsenter

Ordførar sitt framlegg til vedtak:

Samnanger kommune rår Vestland fylkeskommune til å satse på Bjørkheim som framtidig regionsenter.

Samnanger kommune vil ta initiativ til eit tett og konstruktivt samarbeid med Vestland fylkeskommune i prosessen med utvikling av ny områdeplan for Bjørkheimsområdet.

Dokument som er vedlagt:

Planprogram - Regional plan for senterstruktur og berekraftige lokalsamfunn

Kva saka gjeld:

Vestland fylke har bede om innspel i samband med planprogram for framtidig regional senterstruktur.

Bjørkheim har over dei siste 30 åra vakse fram til å bli kommunens nye handelssenter med eit stadig breiare tenestetilbod. Trafikken som går langs fv.49 forbi Bjørkheim bidrar mykje til dette og utgjer ein årstdøgntrafikk (ÅDT) på 5-6000 bilar. I åra som kjem kan me forvente vekst i denne trafikken:

- Planlagt vegsikringsprosjekt i Tokagjelet vil korte reisetida mellom Norheimsund og Bergen og dermed auka pendling mellom Norheimsund og Bergen. Det kan i den samanheng vere aktuelt å nytte tilgjengeleg areal ved Bjørkheim som innfartsparkering for Samnanger, Kvam og Fusa.
- Hausten 2022 opnar nye E39 på strekninga Rådal – Os. Opning av denne vegne vil medføre at køyretida på strekninga Bjørkheim – Lagunen, via Os, vert redusert med 17 min, og at dette vil då i mange situasjonar over året vere eit gunstig alternativ for å unngå kø ved Trengereid, Arna og Midtun. Dette vil spesielt føre til ein auke i trafikken på fv.139 mellom Hisdal og Os, men også på fv.49 gjennom Samnanger.
- Fv.49 forbi Bjørkheim er sentral omkøyringsveg for E16 til Voss. Ved stans i trafikken på E16 på opplever ein at ÅDT på fv.49 forbi Bjørkheim aukar frå 5-6.000 til 10-11.000. Samnanger kommune ønskjer sterkt at steinmassar frå E16 kan brukast til å styrkje trafikksikkerheita for mjuke trafikkantar på strekninga Trengereid – Ådland (gangavstand til Bjørkheim).
- Fv.49 forbi Bjørkheim har mykje trafikk med «hyttefolk» som skal til Kvamskogen (der det er ca 2.500 hytter). Bjørkheim har opplevd spesielt mykje auka handel frå hyttefolk

dei siste åra.

- Fv.49 forbi Bjørkheim er viktig tilførselsveg fram til Nasjonal turistveg som startar i Norheimsund. Samnanger kommune har eit godt samarbeid med Vestland fylkeskommune om å utvikle Fossen bratte til eit attraktivt turistmål, noko som kan bidra til meir vekst i trafikk på fv.49. Samnanger kommune ønskjer og at Nasjonal turistveg skal starte ved Fossen bratte.
- KVVU for «Arm til Bergen» pågår og skal fullførast i nær framtid. Fv.49 forbi Bjørkheim er ein av kandidatane til ny aust-vest trasé for E134.

Varehandelen på Bjørkheim aukar både i omsetning og mangfald. Dette er den direkte årsaka til at Vinmonopolet no skal opne ny filial våren 2023. Det er og planar om at det kan opne apotek samstundes.

Samnanger kommune har vedtatt å byggje fleirbrukshall på Lauskar. Lauskar ligg med berre 300 m gangavstand frå Bjørkheim senter, I samband med bygging av fleirbrukshall Lauskar er det naturleg å samtidig legge til rette for nytt næringsareal samt gjere tiltak for å betre kryssløysinga på Lauskar.

Samnanger kommune arbeider no med områdereguleringsplan for å styrke Bjørkheim som senterområde og vil i dette arbeidet også ha tett samarbeid med Vestland fylkeskommune.

I gjeldande kommuneplan inkl. reguleringsplanar i Bjørkheimsområdet er det satt av areal til bygging av ca 100 leilegheiter ca 300 bustadtomter. Alle nye bueiningar vil ha gangavstand på 1- 10 min til Bjørkheim senter.

Det er i tidleg planfase til vurdering av å utvide Bjørkheim Kro og Motell til bli eit hotell.

Bjørkheim har generelt ein svært gunstig plassering i regionen. Fleire frivillige organisasjonar i regionen melder at Bjørkheim ofte er møtestaden då dette utgjør minste reiseavstand for dei fleste.

Reisetider frå Bjørkheim til andre stader i regionen:

- 18 min Bjørkheim – Arna
- 30 min Bjørkheim – Osøyro
- 30/ 40 min Bjørkheim - Bergen sentrum (30 min ved tog Arna – Bergen sentrum)
- 27 min Bjørkheim – Norheimsund
- 27 min Bjørkheim – Eikelandsosen

Samnanger kommune skal det neste halvår tilsetje næringsutviklar i kommunen, der mellom anna utvikling av Bjørkheim står som eit viktig satsingsområde.

Vurdering og konsekvensar

Den noverande og framtidige trafikken på fv.49 forbi Bjørkheim, kombinert med planar for Bjørkheimsområdet, representerer eit betydeleg potensiale til senterutvikling på Bjørkheim. Det kan her nemnast at BIR sin gjenbruksstasjon i Raunekleiva (som ligg 3 km frå Bjørkheim) er like mykje nytta som at Samnanger skulle vere ein kommune med 10.000 innbyggjarar. Bjørkheim senter har eit potensiale til å vere eit senter i regionen aust for Bergen, ikkje berre for kommunens innbyggjarar.